


Koronavaksine på 1-2-3

Kort informasjon frå Folkehelseinstituttet om vaksinasjon mot koronasjukdomen covid-19




Om koronavaksinasjon

Alle som blir tilrådd vaksinen får tilbod.

Det er gratis.

Vaksinen vernar mot covid-19.




Korleis skjer vaksininga?

Vaksinen blir gjeven med sprøyte i overarmen.

Nokre koronavaksinar må gjevast 2 gongar med nokre veker i mellom.

Sei frå om du er gravid, har allergi, brukar medisinar, er sjuk eller har hatt covid-19.



Kor godt verkar vaksinen?

Dei fleste får vern mot covid-19 innan 1-2 veker etter at dei er ferdig vaksinerte.

Følg smittevernråda sjølv om du er vaksinert.




Korleis verkar vaksinen?

Vaksinen lærer kroppen å kjenne igjen og beskytte seg mot koronaviruset.

Innhaldet i vaksinen forsvinn raskt ut av kroppen.

Men kroppen hugsar korleis han kan forsvare seg mot viruset.




Biverknader

Vaksinen er testa i store studiar på mange tusen menneske. Vanlege biverknader er:

- vondt på stikkstaden
- du blir trøytt
- hovudverk
- vondt i kroppen
- frysningar og feber

Desse biverknadene er ubehagelege, men går over etter få dagar.



Uvanlege biverknader

Kontakt lege eller anna helsepersonell om du får uvanlege, kraftige eller langvarige symptom etter vaksinasjon.